

# Program for berekraftig økonomi 2025-2028



Stad kommune / 27. mai

**Informasjon** frå kommunedirektøren til tilsette

Info  
27. mai  
2025

## Omstilling i Stad kommune

Som mange av dykk allereie veit, er Stad kommune no i gang med ein grundig gjennomgang av korleis Stad kommune er organisert og bygd opp. Målet med denne gjennomgangen er å finne andre og meir kostnadseffektive måtar å drifta kommunen på – slik at vi sikrar kommuneøkonomien over tid. Og slik at vi også i åra som kjem kan levere grunnleggande velferdstenester til innbyggjarane i kommunen.

Oppdraget vart gjeve av Stad kommunestyre i møte 13. desember 2024, som følgje av at kommunen ikkje har pengar til å oppretthalde dagens driftsnivå, både i dag og i åra som ligg framfor oss.

Mange tilsette, tillitsvalde og verneombod er no med i arbeidet med å vurdere drifta og organiseringa av Stad kommune, i tillegg til dei vanlege oppgåvene sine. Nokre av dykk har allereie vore gjennom endringar, der arbeidsstaden dykker for tida er vedteken lagt ned eller der drifta er lagt noko om. Eg vil takke for det gode samarbeidet de har vist og alt arbeidet som er lagt ned så langt i år.

## Vi må jobbe vidare med omstilling

Trass i mykje godt arbeid med å redusere drifta, er det framleis nødvendig å gjere endringar. Slik situasjonen er no, oppfyller ikkje Stad kommune lovkrava for økonomisk styring. Kommunen sin økonomi er grunnmuren for alle tenestene vi gir innbyggjarane, og vi må tilpasse oss den økonomiske ramma vi faktisk har.

På grunn av den vanskelege økonomiske situasjonen har Statsforvaltaren meldt oss inn i ROBEK-registeret. Det betyr at kommunen er forplikta å lage ein plan som viser korleis vi skal sikre å få økonomien i balanse innan 30. juni i år.

## Kva skjer vidare?

Tysdag blir det sendt ut fleire politiske saker med forslag til korleis vi kan redusere kostnader og få ein berekraftig økonomi. For å arbeide mot balanse mellom utgifts- og inntektsnivået vil eg som kommunedirektør foreslå å redusere budsjettet for neste år innanfor alle kommunalområda. Det vert også tilrådd at kommunestyret held fram arbeidet med organisasjons- og strukturendringar.

Forsлага som kjem opp i dei kommande politiske møta vil omfatte heile kommunen si verksemd. Det vil mellom anna bli synleggjort korleis vi kan arbeide vidare med:



- ny struktur for barnehagar og skular
- handlingsplan for helse- og omsorg
- aktuelle endringar innan kultur og samfunnsmiljøet

I tillegg, etter bestilling frå kommunestyret, vil eg leggje fram forslag om å:

- avgrense nye tilsettingar
- begrense kjøp av varer og tenester
- redusere bruk av kurs og reiser

Meir informasjon om korleis dette skal gjennomførast vil eg kome tilbake til. Informasjonen vil bli gjeve via kommunalsjefane på eit seinare tidspunkt.

## Vidare prosess

Stad kommunestyre vil den 19. juni 2025 ta stilling til kva forslag vi skal jobbe vidare med fram mot budsjettvedtaket for 2026 og Handlingsprogrammet for 2026–2029.

Følgjande møtepunkt er sett opp fram til då:

- 28. mai: Orientering for kommunestyret om økonomisk status
- 3. juni: HTV/HVO-møte
- 3. juni: Politiske saker vert sendt ut
- 10. juni – 12. juni: Råds-/utvalsmøte, ADMU, finansutv. og formannskap
- 19. juni: Kommunestyremøte

Her finn du info om arbeidet med berekraftig økonomi:

[Stad kommune sitt Intranett for tilsette](#)

[Stad kommune si nettside](#)

[Politisk møtekalender](#)



Stad kommunestyre hadde møte 7. mai. Fleire orienteringar og saker knytt til Program for berekraftig økonomi stod på saklista.

## Økonomisk status per 30. april 2025

Kommunen sitt budsjett for 2025 er delvis finansiert med pengar frå disposisjonsfondet, dvs. ved bruk av kommunen sine sparepengar. Dersom vi held oss til det vedtekte budsjettet, vil vi bruke 85,1 millionar kroner frå dette fondet for å halde oppe dagens driftsnivå for 2025. Det same er planlagt for 2026. Etter det vil disposisjonsfondet vere tomt, og kommunen vil ikkje ha eigne midlar igjen til å dekke drifta slik den er i dag.

Den første tertialrapporten for 2025 blir lagt fram for kommunestyret 19. juni. Driftsrekneskapen viser at vi per 30. april har brukt omtrent like mykje pengar som planlagt. Sidan ein del av drifta er finansiert ved bruk av disposisjonsfondet (sparepengar), inneber dette at vi hittil i år har eit driftsunderskotet (netto driftsresultat) på minus kr 28,3 mill.

## Kort oppsummering frå kommunestyremøte 7. mai 2025

Stad kommunestyre hadde møte 7. mai 2025. Det var oppe fleire saker som er knytt opp mot Program for berekraftig økonomi. Nokre av desse sakene blir omtalt kort her:

### • **Privatisering av kommunale vegar**

Stad kommunestyre bad i møte 23. januar 2025 om at kommunedirektøren starta opp delprosjektet *Privatisering av kommunale vegar*. Kommunedirektøren la fram ei ny sak 7. mai 2025 med tilråding om at Stad kommunestyre vedtok å starte opp prosess for privatisering av 32 km kommunal veg i samsvar med vedlagt liste i saka. Stad kommunestyre valde å gjere følgjande vedtak i saka:

*Saka vert sendt tilbake til administrasjonen med krav om at den vert utgreia vidare og med mål om harmonisering, likebehandling og oppdaterte kriterier der alle kommunale vegar vert medtekne i samband med revisjon og endring av kriteria for privatiseringa av kommunale vegar i lokal transportplan. Nye kriterier må og ta omsyn til kommunal/interkommunal tenesteproduksjon, beredskap og potensiale for økonomisk innsparing ved endra klassifisering.*

### • **Forskrift om skulefritidsordning for kommunale skular i Stad**

Som ein del av Program for berekraftig økonomi og arbeidet med innsparing vart det i kommunestyrmøte 23. januar 2025 gjort vedtak om at det må vere meir enn fem påmelde born for at SFO-tilbodet vert tilgjengeleg i skuleferiar. Det er ikkje lovpålagt å tilby SFO i skuleferiane. I kommunestyrremøte 7. mai 2025 vart det gjort endringar i Forskrift om skulefritidsordning for kommunale skular i Stad, der endringane i SFO-tilbodet vart teke med.

### • **Endeleg godkjenning av investeringsbudsjett for 2025**

Sidan Stad kommune er i Robek, er det Statsforvaltaren som skal godkjenne Stad kommune sine låneopp-tak. Stad kommune har fått løyve til å ta opp kr kr.30.900.000,- til investeringstiltak i varige driftsmidlar og kr. 32.000.000,- til investeringar innan vatn og avlaup. Oversikta over investeringstiltaka ligg ved dette informasjonsskrivet som eit eige skriv.

### • **Orienteringssak til kommunestyret – Robek: krav om tiltaksplan og balanse**

Kommunedirektøren hadde opp ei eiga orienteringssak om Robek og kravet om å utarbeide ein tiltaksplan for å sikre at økonomien blir brakt i balanse. Saka seier litt om kommunelova sine reglar og plikta til å prioritere og fordele budsjettmidlar innanfor kommunen sine økonomisk tilgjengelege rammer.

Kommunestyret tok saka til vitande med følgjande kommentarar:

1. *Det vert lagt fram skisser for alle delprosjekta i junimøtet - også dei som ikkje er ferdige, for å vise moglegheitsrom i framtida.*
2. *Kommunedirektøren vurderer om ei deling av bu- og miljøtenesta til ei avdeling for rus/psykisk helse og ei for vernepleieteneste er føremålstenleg.*
3. *Kommunedirektøren gjer vurderingar på avgrensing av tilsetjing og reiseverksemd.*
4. *Administrasjonen får høve til å reforhandle Oklafondet, med mål om å kunne få eit fond i tillegg til eigedomsskatt.*
5. *Kommunestyret ynskjer å signalisere at næringsutviklingsarbeidet er viktig for framtida for Stad kommune, for å få etablert nye bedrifter samt lette prosessane for eksisterande bedrifter som ønskjer å utvide si verksemd/satse utover eksisterande rammer.*
6. *Ei oversikt over alt som ikkje er lovpålagt av stillingar og tilskot.*

- Eg ønskjer å takke for innsatsen de legg ned i ein krevjande situasjon. Det er forståleg at endringar skapar uro, og vi skal gjere vårt beste for å halde dykk informert og involverte undervegs.

Med helsing  
**Kristine Dahl**  
Kommunedirektør

